

MELDING  
om  
FISKEBIOLOGISKE GRANSKINGAR  
i  
ROGALAND  
1972

Navnet på vatnet Ljongsdalsvatnet  
Kommune ..... Bjerkreim

Feltarbeidet, vidare arbeid med materialet og skriving av meldinga er utført av Rogaland Skogselskap v/ E. Berg, etter retningsliner og i nært samarbeid med Konsulenten for ferskvannsfiske i Vest-Norge, herr Øyvind Vasshaug.

## V I G E S D A L S V A T N E T

Fiskeanalysen vart foreteken den 24. august 1972.

Vatnet ligg i Bjerkreim kommune, nærare stadfest aust for Vikesdal i Vikeså, og grensar i sør og aust for ein del etter riksveg 503.

Arealet er snaut 2 ha.

Djupna på vatnet er ikkje målt, men det er jamt over eit grunt vatn og der største djup neppe er over ca. 8.0 m.

Stranda består for det meste av kultivert mark med noko steinstrand innimellom.

Vegetasjon og nedslagsfelt.

Botngras, brasmegras, flotgras, nøkkeroser m.v. er vegetasjonen ein vil finna frå stranda og utover.

Nedslagsfeltet femner om kulturbeiter, skogsmark og snau-mark.

Det største bekketilsiget fell inn på nordsida. Forutan dette fell der inn nokre mindre bekketilsig.

Avlaupet renn ut i sør-aust og går til Svelavatnet.

Dei kjemiske tilhøva.

Siktedjupet er 5.0 m og fargen på vatnet grønnli-gul.

Surheita pH er målt til 6.2 som er mykje godt for aure.

Innhaldet av kalk (CaO) er 1.5 mg/l og den totale hardheita 4.8 mg/l. Vatnet må etter dette karakteriserast som kalkfattig og pH utsett for store svingningar gjennom året.

Leiingsemna  $K_{18} = 26.5 \times 10^{-6} \text{ ohm}^{-1} \text{ cm}^{-1}$ .

Gjennomstrøyminga er liten.

Faunaen i vatnet.

Det vart teke botnprøver på 2.0 og 7.0 m djup og ein kom til fylgjande resultat:

På 2.0 m vart det funne 3 fjærmygglarver, 1 mygglarve og 1 vårflugelarve tilsvarande 50 individ pr. m<sup>2</sup>.

På 7.0 m fann ein 1 vannmidd eller 10 individ pr. m<sup>2</sup>.

Samla resultat syner at der er særst lite med næringsdyr i vatnet.

For å få greie på kva fisken eigentleg ernærte seg av, på det tidspunkt analysen vart foreteken, tok vi mageprøver av 2 fiskar og her vart det funne vårflugelarver, vannkalvlarver, fjærmygglarver, linsekreps og stankelbein.

#### Planktonprøver.


Det vart teke eit horisontaltrekk på ca. 50 m med planktonhov og resultatet var ein relativt rik prøve.

#### Fisk m.v.


Fiskeslaga utgjer aure og ål.

Det vart sett ut 4 garn av ymse maskestorleik og resultatet etter 1 fangstnatt vart 18 aurar.

Fordeler vi fangsten på omfara vil ei grafisk framsyning sjå slik ut.



Set vi opp ei grafisk framsyning av fangsten fordelt på cm-klassar vil denne sjå slik ut.



Det vart teke prøver av dei fanga fiskane og av desse var der 9 hofiskar og 9 hanfiskar - ei normal kjønnsfordeling.

3 av fiskane var lys-røde - resten kvite i fiskekjøttet.

Ein fisk var svakt angripen av parasittar.

Ser vi på medellengda og den årlege lengdetilveksten for prøvefiskane vil dette gå fram av oppstillinga nedanfor.


	Alder ved vinter					
	1år	2år	3år	4år	5år	6år
Medellengde i cm	5.5	10.3	14.6	18.5	21.9	21.6
Årleg lengdetilvekst i cm	5.5	4.8	4.3	3.9	3.4	0.3
Antall fiskar	18	18	18	14	4	1

Medel kondisjonsfaktor 1.02 tilseier fisk av bra kvalitet.

På neste side har vi sett opp ein vekstkurve for fisken i Vigedalsvatnet og samanlikna med normalkurven for Vestlandet (5cm pr. år).

Som vi her vil sjå, syner fisken i Vigedalsvatnet ein stort sett normal lengdetilvekst dei 3 første åra, men etter denne tid går det jamt nedover.

Den knekken kurven gjer ved 5 års alder kan vi sjå bort frå, då dette berre skuldast ein fisk. Den forlenga lina på kurven er sikkert meir representativ for auren i Vigedalsvatnet og etter dette går fisken mot ei maksimal lengd på ca. 24 cm.



#### Konklusjon.

Ut frå dei foretekne prøvene kan vi slå fast, at tilhøva skulle liggja vel tilrette for fiskeproduksjon i Vikedalsvatnet.

Dei kjemiske tilhøva er gode sjølv om botndyr er mangelvare. Dette kan koma av det relativt store fiskebestandet som går der og beitar.

Nå spelar det for såvidt liten rolle korleis fiskebestandet i dag er i dette vatnet, då det er meininga å gå over til oppdrett

av regnbueaure. Vatnet ligg lageleg til i så måte og ein må sjølv sagt bassere det heile på foring av fisken. Vi vil tilrå at grunneigarane tek kontakt med Torleif Gåsland på Vikeså og får nærare opplysningar om regnbueaure-oppdrettet i tjerna på Bersland. Utfallosen må sperrast med ei nettinggrind e.l. slik at auren ikkje har høve til å gå ut av vatnet.

Før ein går til uttsetting av regnbueaure må ein gå til utfisking av den ferskvassaturen som er i vatnet i dag. Då vatnet er såpass lite skulle ikkje dette by på store vanskar. Til hausten kan ein og setje opp ei ruse i innfallsbekken der fisken gyt, slik at ein får bort event. gjengåande gytefisk.

Interessa for oppdrett av regnbueaure er for tida stor over heile fylket og Direktoratet for jakt, viltstell og ferskvannsfiske har sendt rundt ein konsulent for å hjelpe dei som vil gå i gang med slike anlegg. Det skulle ikkje vera naudsynleg å få han til å sjå på dette før ein går i gang. Det beste ville vera å begynne i det små og auke på etter kvart som ein vinn erfaring på området.

Det kan opplysast at firmaet Skretting i Stavanger har ein konsulent som heiter Finn Hallingstad og som det vil vera nyttig å kontakta, ikkje minst av omsyn til foring m.v.

Om underskrivne kan vera til nokon hjelp her, så er det berre å melde frå.

Stavanger den 4. april 1973

Einar Berg